



Bolig & Eiendom AS
Kvernhusmyrane 29
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/248 - 14/12838

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
21.11.2014

Byggesak Gbnr 88/92 Sæbø Ytre - tomannsbustad - mellombels bruksløyve

Delegasjonssak nr.: 274/2014

Saksutgreiing:

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtaka i saka datert 15.07.2014 og 20.11.2014.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredstillande tryggleiksnivå og har identifisert attståande arbeid som følgjande:

1. Ferdigstilling VVA-anlegg for feltet.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune og plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tomannsbustad gnr. 88 bnr. 92 i Radøy kommune på følgjande vilkår:

1. Ferdigattest skal liggje føre innan 21.11.2015.
2. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaming av mellombels bruksløyve:

Kode: 10.2.8 Mellombels bruksløyve

Kr. 2 600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdig ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap. 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskild løyve (jf.. Pbl. § 20-1 d).

Skildring:

Adresse:	Sæbøvegen 262 A – seksjon 1
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Tomannsbustad/300451398
Bruksareal:	86m ²
Avløp:	Privat avløp (minireinseanlegg)
Vatn:	Offentleg vassverk
Tal på røykløp:	1
Adresse:	Sæbøvegen 262 B – seksjon 2
Bygningstiltak/bygningsnr.:	Tomannsbustad/300451400
Bruksareal:	86m ²
Avløp:	Privat avløp (minireinseanlegg)
Vatn:	Offentleg vassverk
Tal på røykløp:	1

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Bolig & Eiendom AS

Kvernhusmyrane 5914
29

ISDALSTØ